



# Utstillingsdesignar ved Universitetsmuseet i Bergen

Ved Universitetsmuseet i Bergen er det ledig ei mellombels stilling som utstillingsdesignar frå og med 1. februar 2019 til og med 30. juni 2019. Engasjementet kan bli forlenga.

Den gamle museumsbygningen på Muséplass 3 er Noregs eldste museumsbygg. Bygningen er renovert av Statsbygg, og ein planlegg å opne nye naturhistoriske utstillingar her i 2019. Universitetet i Bergen ønskjer gjennom dette prosjektet å kunne tilby samlande og moderne forskningsformidling i eit renovert praktbygg.

Det er planlagt om lag 2500 m<sup>2</sup> med naturhistoriske utstillingar i bygget, som også vil innehalda lokale som er eigna til museumsbasert undervisning, møte, konferansar og større arrangement. Utstillingsarbeidet blir utført av ei prosjektgruppe, som representerer interne disiplinær ved Universitetsmuseet, under leiing av ein prosjektleiar. Prosjektleiaren tar seg av forholdet til byggjeprojektet, og representerer utstillingane i styringsgruppa for det totale Museumsprosjektet.

## Arbeidsoppgåver:

- Utgreiings- og utviklingsoppgåver for utvalde utstillingssoner som krev stor grad av sjølvstende og problemløysingsevne
- Delta i designgruppa som utviklar dei nye utstillingane, i skjeringspunktet mellom interiørarkitektur og grafisk formgiving.
- Rapportere til Designleiar, som er ansvarleg for det heilskaplege uttrykket.
- Samarbeide med byggets arkitektar og entreprenør om grensesnitt mellom bygg og utstilling, for å oppnå effektiv tilpassing og montasje.
- Overvake og kvalitetssikre at anskaffelsar og monteringar er i samsvar med bestilling
- Handtere eventuelle avvik på ein adekvat måte.

## Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha utdanning på bachelorgradsnivå innan utstilling/grafisk design. Lang, relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan i særskilte høve kompensere for manglande formell utdanning.
- God kunnskap om interiørarkitektur og grafisk formgiving er ein føresetnad.
- Relevant praksis er eit krav
- Må beherske programvare som Sketchup, CAD, Adobe Indesign/Illustrator og Photoshop
- God evne til å kommunisere skriftleg og munnleg
- Sjølvstende og samarbeidsvilje er vurdert som ein føresetnad for å kunne fylla oppgåva.
- Erfaring med prototyping er ønskjeleg
- Erfaring med montering av planter og insekter er ønskjeleg
- Personlege eigenskapar som er naudsynte for stillinga vil bli vektlagt.

## Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter stillingskode 1092 arkitekt, lønssteg 47 (lønsramme 22.13) i det statlege lønsregulativet, Dette utgjer for tida kr 421.700 i året. For særleg godt kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

## Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Prosjektleiar Paul H. Amble, Universitetsmuseet i Bergen, paul.amble@uib.no, 920126132

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vitnemål og attestar skal leggjast ved søknaden i *Jobbnorge*.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Jobbnorge-ID: 162621, Søknaidsfrist: Avsluttet